

Bordalen og Kvitli grunneigarlag  
v/leiar David Skjerven  
Sonve 16,  
5700 Voss Tlf 99207170

Norges vassdrags- og energidirektorat.

05. november 2017

## **Kvanndalsvassdraget - Høyringsuttalelse**

Me er gjort kjent med at grunneigarane i Folkedal og Hardanger Energi vil leggja Kvanndalselva i røyr. Hardanger energi har tidlegare prøvd seg med både med Grønlivatnet og Langsetvatnet, men dette fekk dei ikkje gjennom.

Vatnet til Kvanndalselva kjem i hovudsak frå Bordalsfjella. Ei av hovudkjeldene kjem heilt frå Veskreshorgi til Hanselavatnet, vidare til Øyaset og Almeningane før det går i Kvanngilsfossen og vidare nedover dalen. Furuvatnet er ei anna kjelda. Herdebreida den tredje med Kvitaonæ som har store vassføringar frå heile austsida av dette fjellet. Det kjem også mykje vatn frå Kistenuten i Saltgroa/Kyljo som går forbi Brennevinsteinane og andre grøver, desse går inn i vatnet i Granvin. Det er Bordalen som er kjelda til alt dette vatnet. Me vart tilfeldigvis gjort kjent med dette i dag, og me er overraska over at me som grunneigarar ikkje er vorte informert om dette. Mesteparten av Bordalsvassdraget er verna, noko som burde vera ein endå betre grunn til å trå forsiktig i dette området.

Ved å leggja elva i Kvanngila i røyr vil ein miste eit vakkert naturområde med alle sine planteartar og frodige natur.

Me kan ikkje akseptera at vatnet som fell ned på vår grunn vert teke ut til kraftproduksjon i Hardanger. Det er og viktig at Kvanngila vert bevart med sitt naturmangfald og fossande vatn til gleda og for våre etterkomarar.

Mvh Bordalen og Kvitli grunneigarlag

v/leiar David Skjerven